



Siste sjekk før pærene vert heist opp (Foto: Thor Inge Døsland)

Etter at ein hadde venta på at vinden skulle løya sidan laurdag føremiddag, var det i ettermiddag, onsdag, stilna såpass at pyntegjengen kunne gjera eit forsøk på å få lysa på plass på julegrana. Om lag klokka halv tre var Lars Myklebust, Knut Stensletten, Ståle Eik og Gunnvald Friheim godt i gang med pyntejobben.

Medan Ståle og Knut klatra til topps, utgjorde Lars og Gunnvald rutinert bakkemannskap. Først vart koplingsskapet heist opp. Deretter var det klart for å få stokken med toppstjerna til topps. Då dette lukkast innimellom nokre lettare vindflager, drog pyntarane eit lettelsens sukk. Dei kunne fortelja at den vanskelegaste delen av arbeidet var gjort. Dei sju lyslekkjene vart heist på plass ei etter ei, før dei til slutt vart nøye plassert og fordelt av dei rutinerte pyntarane.

Dermed vart grana klar til tenning også i år. Denne dugnadsgjengen let seg ikkje stoppa av vergudane, og frå fredag kl. 17.00 vil den flotte julegrana atter lysa og skapa den rette julestemninga i bygda.

Av Thor Inge Døsland



Toppstjerna på veg opp! (Foto: Thor Inge Døssland)